



Førebygging av grenseoverskridande åtferd

Innleiing

Tematikken rundt grenseoverskridande åtferd er viktig å ha på dagsorden. Grenser, særleg i høve til det seksuelle, er noko vi bør snakke om på ein naturleg måte, og på denne måten gjere born og unge trygge på at dei har rett til å seie frå når nokon går over desse grensene.

Tilsette i Den norske kyrkja har klare retningslinjer å gå etter. Men vi har og mange frivillige uløna medarbeidarar. Det er viktig at også dei vert gjort merksame på kva som er greitt og kva som ikkje er det. Dette dokumentet er tenkt som ei hjelp til dette.

Reglar og rutiner

Å ha sunne reglar og gode rutiner på korleis ein leiar si åtferd skal vere overfor deltakarar på alle tiltak, er avgjerande. Som leiar er det viktig å unngå åtferd som kan støyte/skremme nokon eller som kan oppfattast som grenseoverskridande tilnærmingar. Å ha tydelige retningslinjer er óg preventivt i forhold til menneske som søkjer våre miljø for å få fritt spelerom til slike handlingar. Det er viktig å erkjenne at dette kan skje hos oss.

Intimsoner

Alle menneske har ei personlig sfære, intimsoner, som er eit vern mot å bli invadert. Dette er dei grensene vi set for kor nær vi tillèt andre menneske å komme oss utan å oppleve det som ei uønskt tilnærming eller krenking.

Intimsonene har grenser som er ulike frå person til person, og det er ulike grenser hos den enkelte basert på kva relasjon ein har til personen ein møter. Det er uansett viktig å ha respekt for andre si intimgrense.

Vi ynskjer ikkje at nokon i vår samanheng skal oppleve at slike grenser blir kryssa, difor er det viktig at vi i samband med alle tiltaka og aktivitetane tenkjer førebyggande for å unngå overgrep.

Opplivinga av ei uønskt tilnærming eller krenking kan skje ved ord, måten vi oppfører oss på og ved fysisk kontakt. Det vil ikkje vere rett å seie at alle brot på intimgrensene er, eller er meint som, overgrep og krenkingar. Nokre gonger handlar det om at ein sjølv har andre intimgrenser enn den som opplever seg krenka.



Det bygger på tillit

Når nokon gjev tillit, kjem ein nærmare innpå dei. Overgrep handlar ofte om at nokon misbruker denne tilliten. Seksuelle overgrep har ein seksuell dimensjon i tillegg til sjølve krenkinga.

Momentlista nedanfor er ei hjelp til å vise respekt for andre si intimgrense i praksis, samt å førebygge at andre bryt dei.

Hovudleiar må gå gjennom momenta på leiarsamling i førekant av tiltaket slik at ein sikrar at alle er kjend med rutiner og reglar. Det er eit krav at alle som er leiarar på våre tiltak er kjend med dette.

Ein kan krevje at alle leiarar skal skrive under på at dei er kjend med praksisen i kyrkjelyden, der ein og kan flette inn andre element som teieplikt og liknande.

Moment hovudleiar på tiltak må gå gjennom med leiargruppa for tiltaket:

- La deltakarane ta initiativ til fysisk kontakt. Det er forskjell på å «ta» ein klem, og å «få» ein klem.
- Ver klar over kvar blikket ditt er når du snakkar med/er saman med deltakarar. Dei færreste likar å bli «avkledd med blikket».
- Ikkje kommenter andre sin kropp/sine kroppsdelar
- Flørting mellom leiar og deltakar er ikkje ok. Dette handlar om at ein leiar er i ein maktposisjon og er eit førebilete for deltakaren.
- Ikkje fortel vitsar som spelar på kropp eller sex.
- Ikkje bruk vulgært språk når ein snakkar om/har samtaler om sex og seksualitet.
- Ved bruk at tryggleiksøvingar er det viktig at desse skapar tryggleik og ikkje blir noko som gjer ein utrygg. Dette gjeld særleg tryggleiksøvingar som har «tvungen» kroppskontakt. Det er lurt å gje høve til å reservere seg frå slike øvingar.
- Ved sjelesorg er hovudregelen at gutar snakkar med mannlege leiarar og jenter snakkar med kvinnelige leiarar.
- Ved sjelesorg er det og ein god regel at dette skal skje i synlege rom, anten ved opne dører eller på fellesareal der ein ikkje vert forstyrra. Lukka rom og stengde gardiner er ikkje eit alternativ.
- Ved forbøn er det viktig å vise respekt når det gjeld fysisk kontakt. Spør alltid om vedkommande ynskjer at ein legg hendene på han/henne og ev. legg handa på skuldra.
- Ein leiar skal som hovudregel ikkje vere åleine med berre ein deltakar.



Ved tiltak som går over fleire døgn (t.d.leir):

- Mannlege leiarar har ansvar for gutterom, kvinnelege har ansvar for jenterom. Dersom det er behov for at ein mann går til jenterom eller kvinne til gutterom, skal vedkommande alltid ha med seg ein leiar til.
- Ved god-natt-runde er det ein god regel at ein går to leiarar i lag.
- Bank alltid på før du går inn på eit rom
- Sjelesorgsamtaler bør ikkje skje etter ro-signal. Gjer eventuelt ei avtale til neste dag.
- Ha ein «sil-funksjon» på underhaldningsopplegg, slik at ein kan stoppe leikar som kan opplevast som grenseoverskridande.
- Ein leiar kan ikkje legge opp til eller innleie eit kjærasteforhold til ein deltakar.

Generelt

Hovudleiar bør oppmode leiarane til å snakke om kvarandre si åtferd dersom den er støytande eller skremmande. Dette kan ein organisere på ulike måtar, alt etter kor trygg leiargruppa er.

Rutiner for varsling av grenseoverskridande åtferd er viktig. Som leiar har ein eit ekstra ansvar for å ta vare på deltakarane. Dersom ein ser noko eller får høyre at nokon har kryssa grenser SKAL hovudleiar ha beskjed omgåande.

I følge straffelova § 139 er det straffbart å ikkje hindre nærmare spesifiserte, alvorlege straffbare handlingar eller følgjene av dei. Med ein gong det virkar som mest truleg (meir 50% sjanse) at handlinga vil bli sett ut i livet trer avvergeplikta i kraft – du har då plikt til å seie frå, og kan bli straffa dersom du ikkje gjer det. Det er difor viktig at alle hovudleiarar kjenner til dette.

Det er og viktig å vere klar over at fleire undersøkingar viser at menneske med nedsett funksjonsevne er ekstra sårbare for overgrep. Mange, t.d. menneske med autistiske trekk og fleire som har utfordringar av psykisk art, vil være ekstra sensitive for fysisk kontakt.

Det er vesentleg å arbeide med førebygging av grenseoverskridande atferd jamnleg, i ulike fora som t.d. leiartrening. Dette vil skape ein kultur og tydelege verdiar som gjer våre tiltak trygge å vere på. Det vil og sikre at dersom noko skjer, så er medarbeidarane trygge på korleis ein skal handtere det.



Når melding om grenseoverskridande åtfærd kjem:

- Hovudleiar eller annan ansvarshavande (t.d. tilsette) tek tak i dette. Kven som har dette ansvaret skal til ei kvar tid vere klargjort. Når ein går inn i samtale med den utsette, skal ein vere to. Dette for å ivareta den utsette.
- Snakk med den utsette. NB! Ikkje legg føringar for forklaringa av kva som har skjedd. Spør og lytt – utan å legge ord i munnen på den som forklarar. Det er den utsette si oppleving av situasjonen som avgjer om det var grenseoverskridande eller ikkje!
- Skriv eit resyme av samtala med det same samtala er over. Om mulig bør den utsette/varslar få sjå resymeet og gje tilbakemelding på om det stemmer.
- Vurder vidare framdrift:
 - a) Dette var ikkje slik som varslar har oppfatta situasjonen, men vedkommande leiar bør få ei samtale om kva som er god praksis.
 - b) Dette var slik varslar har oppfatta situasjonen: vedkommande leiar får beskjed om å forlate tiltaket etter ei forklarande samtale.
 - Er dette grenseoverskridande åtfærd av typen som er ubehageleg, men ikkje kjem under straffelova, bør leiar bli følgt opp med samtaler om kvifor situasjonen oppstod. Ein bør vurdere om foreldre/føresette skal kontaktast og det bør vurderast grundig før ein eventuelt gjev vedkommande ein ny sjanse som leiar ved seinare høve.
 - Dersom dette kan komme under straffelova er det svært viktig at ein tek saka vidare. **NB! La fagfolk ta seg av saka, ikkje prøv å handtere den på eiga hand!**
- **Ta kontakt med Barnehuset for å få rådgjeving om korleis ein skal gå fram. Telefon: 55 55 69 00 anna info finn du på <http://www.statensbarnehus.no/>**
Du kan og ringe alarmtelefon for barn og unge: 116111 eller kontakte det lokale barnevernet/politiet. Eller ta kontakt med Kirkens ressurscenter mot vold og seksuelle overgrep: 23 22 79 30 (SMS: 478 14 06).
- Dersom eit barn eller ein ungdom kjem og fortel at andre har krenka dei med grenseoverskridande åtfærd, **SKAL** dette meldast. Ta kontakt med Barnehuset, alarmtelefon for barn og unge eller kontakt det lokale barnevernet/politiet for rettleiing.

Oktober 2012



STØRST AV ALT
TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA



DEN NORSKE KYRKJA
Bjørgvin bispedøme